

Årsmelding for Rogaland Nei til EU 2021-2022

I 2021 auka Rogaland Nei til EU medlemstalet med éitt medlem, frå 1761 betalande medlemmer då året begynte til 1762 betalande medlemmer då året var slutt. Med det er ein lang periode med synkande medlemstal broten.

Årsmøtet blei gjennomført 20. mars 2021 og valde då dette styret:

Arbeidsutvalet (AU): Amina Ødegaard Prestbakk (leiar, ny)
Wenche I. Sola (nestleiar, attvald)
Espen Watne (ny)
Leiv Olsen (tidlegare leiar)

Resten av styret: Helge Stølen Reiestad (attvald)
Trygve Ravndal (ny)
Anita Utsola (attvald)
Daniel Thengs (ny)
Elin Dalen-Rasmussen (ny)
Marthe Lien Hamre (attvald)
Olav Gjesteland (tidlegare vara)

Varamedlemmer: Gunnar Sirevåg (tidlegare nestleiar)
Neill Staurland (attvald)
Anna Serina Haugland (ny)
Terje Lund (tidlegare styremedlem)

Etter årsmøtet bad Anna Serina Haugland om å få trekka seg frå styret; seinare trekte også Elin Dalen-Rasmussen seg.

Styret har hatt 6 styremøte i løpet av årsmøteperioden. I tillegg har AU hatt 6 møte. Styret i Rogaland Nei til EU har deltatt på to rådsmøte og ei fylkesleiersamling i Nei til EU sentralt, samt på fiskerikonferanse i Tromsø og fagleg konferanse i Oslo.

Korona-pandemien har lagt ein dempar på verksemda. Me fekk likevel gjennomført ein open konferanse om «**Fastlandsindustriens eksport til EU under EØS-avtalen**». Innleiarar var Christian Anton Smedshaug (AgriAnalyse), Tore Myhre (NHO) og Peter Ørebech (Nei til EU og Universitetet i Tromsø). Partia som stilte til val i fylket, blei inviterte. På konferansen blei det blant anna bekrefta, også av NHO, at Norge framleis vil ha handelsavtale med EU dersom me seier opp EØS, då handelsavtalen frå 1973 står ved lag. Svein Tang Wa opptrådte med eigne viser.

I sommar hadde me stand i Haugesund. I haust hadde me stand på Bjerkreimsmarken og på Rogalandskonferansen som går i lokal LO-regi, og verva nye medlemmer på standsane.

Me har vore utan lokalt Ungdom mot EU-lag i Rogaland dei siste par åra, men har i samarbeid med Ungdom mot EU (UMEU) sentralt arbeidd for å gjenreisa lokallaget. Me hadde besøk av UMEU i vår og fekk då nokre lokale kontaktar, som etterpå deltok på landsmøtet til UMEU. Ein planlagt turné for UMEU i haust måtte dessverre avlysast.

Årsmøtet løyvde kr 70 000 til Nei til EU sentralt og kr 3000 til Solidaritetskamp mot EØS. Styret har i løpet av perioden løyvd kr 1000 til Kystopprøret, kr 50 000 til søksmålet mot ACER og kr 1000 til demonstrasjon mot straumprissjokket. Før jul rykka me inn ein heilsides annonse i Stavanger Aftenblad og to i Rogalands Avis for å markera kampen mot ACER og straumprissjokket.

Økonomien er tilnærma i balanse. Det er mulig at det blir eit lite underskot i 2021.

Me har ikkje gitt ut medlemsbladet «Orientering» perioden, men har hatt stor aktivitet på facebook.

Styret